



Surnadal kommune
Rådmannen

Nordmøre Næringsråd

Att. v/ Ingvild D. Sæter

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref
2012/1810-12

Saksbehandlar
Knut Haugen

Dato
19.09.2013

"Nordmøre i samspill-en felles Strategisk næringsplan for Nordmøre"

Vedlagt følger sakspapira med vedtak i saka.

Med helsing

Knut Haugen
rådmann



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	44/13	19.06.2013

"Nordmøre i samspill - en felles Strategisk næringsplan for Nordmøre"

Vedlegg

- 1 Invitasjon om deltaking "Nordmøre i Samspill - en felles strategisk næringsplan for Nordmøre"
- 2 Prosjektbeskrivelse

Saksopplysningar

Kommunane på Nordmøre har eit felles mål om fortsatt vekst og utvikling i regionen. På bakgrunn av eit initiativ frå Næringspolitisk råd for Kristiansund og Averøy kommunar, er det satt i gang eit arbeid med å utarbeide ein felles strategisk næringsplan for Nordmøre i regi av ORKidè. Alle kommunane på Nordmøre responderte positivt på dette initiativet. Ein felles strategisk næringsplan vil bli et felles verktøy, for å sikre balansert og dynamisk vekst på tvers av kommunegrenser. Ordfører- og rådmannskollegiet for Nordmøre (ORKidé) ønskjer no at alle kommunane på Nordmøre går saman om å få realisert felles strategisk næringsplan for området. Ein felles plan vil gje tydelege signal om retningsval for ein samla region. Målet for prosjektet er å skape ein heilskapleg og dynamisk region som gir grunnlag for vidare vekst, og at det skal være utvikla og implementert ein felles strategisk næringsplan for Nordmøre innan utgangen av juni 2014.

Resultatmål for prosjektet:

- Næringsplanen skal brukast som ein felles plattform for næringsutvikling i regionen
- Næringsplanen støttar arbeidet som vert gjort i Fylkesplana for Møre og Romsdal
- Kommunene sine eigne næringsplanar og arealplanar skal utviklast i tråd med dei felles måla regionen arbeider i mot
- Næringsplanen blir retningsgivande for utarbeiding av årlege/faste handlingsplanar
- Næringsplanen blir plattform for nye interkommunale samarbeid
- Bedre regional arbeidsdeling i forhold til type næringsliv ein vil satse på, kompetansmiljø og støttetjenester

Etter gjennomført prosjekt forventar ein følgjande effekter:

For næringslivet:

- Ein samla næringspolitisk region, gir ein større marknad, som igjen fører til eit meir konkurransedyktig næringsliv
- Auka lønsemd og innovasjon

- Meir bærekraftig verdiskaping
- Nyetableringar av verksemdar og større lokalt eigarskap
- Legge til rette for å skape nye næringsklynger
- Raskare og meir forutsigbar kommunal sakshandsaming

For kommunene:

- Auka kompetanse
- Aukt etableringslyst og sysselsettjing – også i kommunar som i dag har demografiske utfordringar
- Gjensidig kjennskap til nærings sammensetning i regionen, som igjen kan gi grunnlag for nytt samarbeid og nyetablering
- Raskare og meir forutsigbar kommunal sakshandsaming
- Omdømmebygging - felles merkevarebygging

For næringsorganisasjonar:

- Ein meir effektiv organisering og større gjennomslagskraft
- Omdømmebygging - felles merkevarebygging

For øvrig næringsliv nasjonalt og internasjonalt:

- Omdømmebygging - felles merkevarebygging
- Kjennskap til kva Nordmørsregionen er, og kva den kan tilby

Organisering

Det vert engasjert ein konsulent som prosjektleiar, til å kjøre prosessen og produsere plandokumenta. Vi startar med ei kartlegging av no-situasjonen i næringslivet, før det i dialog med aktuelle deltakarar vert utarbeid eit forslag til strategi, mål og tiltak.

Prosjekteigar er ORKidé og styringsgruppa er AU ORKidé. Det vert etablert ei prosjektgruppe med ein representant frå kvar kommune, og ei referansegruppe med sentrale politikarar, representantar fra næringslivet, kommunal administrasjon, samt at Møre og Romsdal fylkeskommune vert invitert.

Økonomi

Kvar kommune bidreg med sin andel av kostnadane, og stiller ressurser i form av eige arbeid til disposisjon for prosjektet i høve til prosjektplanen:

1000 Merknad kr		
Kostnader		
Prosjektadministrasjon	100	Frikjøp ansatt i 5 % stilling over to år
Kontorhold, reise, møter	100	Inkl. drift av styrings- og arbeidsgrupper
Utredninger kommunevis	800	Eget arbeid i kommunene
Prosjektledelse	800	Kjøp av prosjektleder / konsulenttjenester
Diverse	100	
Sum	1 900	
Finansiering		
Eget arbeid i kommunene	800	1 månedsverk/kommune over 2 år 10 mnd.verk
Kommunale bidrag	400	Fordeles på kommunene over 2 år
Tilskudd fylkeskommune	M&R 700	
Sum	1 900	

NB:

1) Ingen beløp er avklart med partene, beløp inkl. mva.

2) Næringslivets innsats er ikke definert i budsjettet – da de vil bidra med egeninnsats

Vurdering

Surnadal Kommune har delteke på to samlingar med felles strategisk næringsplan som tema. Der har samtlege Nordmørskommunar vore representert. Det har vore stor semje at det er i fellesskap vi kan løfte regionen og skape vekst, i konkurranse med andre regionar. Det er ikkje innbyrdes vi skal konkurrere om kundar og kompetent arbeidskraft, men det er i høve til andre regionar som står sterkare enn oss. Når denne strategiske næringsplanen er forankra i Næringsplana for Møre og Romsdal, samt vår eigen næringsplan og arealdelplan vil dette berre vere med å styrke våre prioriteringar og tiltak.

Det er heilt klart at ved å stå utanfor dette samarbeidet, vil vi ikkje på samme måte kunne ta del i den veksten som ytre delar av Nordmøre opplever. I tillegg vil vi kunne få ein viktig arena og gode nettverk som kan gje oss ein kunnskap og inspirasjon til vekst.

Rådmannen si tilråding

1. Surnadal kommune slutter seg til arbeidet med felles strategisk næringsplan for Nordmøre.
2. Kommunen stiller med egne ressursar, gjennom å stille med representant til prosjektgruppa.
3. Kommunen forpliktar seg til å ta sin andel av felleskostnadene over to år, i høve til vanleg Orkidé-nøkkel.

Behandling i Kommunestyret - 19.06.2013

Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Surnadal kommune slutter seg til arbeidet med felles strategisk næringsplan for Nordmøre.
2. Kommunen stiller med egne ressursar, gjennom å stille med representant til prosjektgruppa.
3. Kommunen forpliktar seg til å ta sin andel av felleskostnadene over to år, i høve til vanleg Orkidé-nøkkel.